

Strategisk næringsplan for Gol

Vedtatt av Gol kommunestyre i sak 30/2023 den 05.09.2023

Dette skal Gol arbeide med mot 2030



Strategisk næringsplan for Gol 2023–2030

Høyringsutkast

INNHALD

1. Kort fortalt
2. Kva er ein næringsplan
3. Kvifor omstilling er viktig
4. Korleis Gol kommune skal bidra
5. Visjon og mål
6. Satsingsområde
7. Strategiske prioriteringar

1. Kort fortalt

Regionsenter i Hallingdal

- Gol er knutepunktet mellom aust-, vest- og innlandet og er regionen sitt vekstsenter.
- Strategisk Næringsplan har satsingsområde og strategiske prioriteringar som beskriv korleis vi tenker at kommunen og regionen kan utvikle seg fram mot 2030.
- Eit omfattande regionalt samarbeide er nødvendig for å oppretthalde og utvikle eit mangfaldig og berekraftig næringsliv – godt vertskap for innbyggjarar, besøkande, næringsliv og organisasjonar er berande element i næringsstrategien. Gol skal vere pådrivar i desse prosessane.



2. Kva er ein næringsplan

Strategisk næringsplan for Gol kommune er forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel som har satsingsområde, mål og strategiar for korleis ein tenkar seg at kommunen kan utviklast fram mot 2030. Gol er ein reiselivs- og handelskommune, med eit robust næringsliv som vi ønsker å bidra til å utvikle vidare. For å få til dette er vi avhengig av godt samarbeide med næringsliv, nabokommunar og utdanningsinstitusjonar for å nemne noko. Og, vi må vere attraktive og interessante for talent, gründerar og etablerarar. Gol skal vere ein god stad å bu og arbeide for folk i alle livsfasar.

Strategisk næringsplan bygger på eit breitt kunnskapsgrunnlag, slik som statistikk og framskrivingar, utgreiingar og forskning, marknadsanalysar etc.

For at ein næringsstrategi skal gi meining må vi ha detaljert og alltid oppdatert kunnskap om næringslivet i kommunen og regionen. Derfor har vi òg involvert og henta innspel frå næringsliv og organisasjonar.

Hallingdal har lange tradisjonar for godt samarbeide. Vi har oppfatningar om korleis dette samarbeidet kan styrkast og utvidast innanfor næringsutvikling.

Og til sist har vi studert korleis nabokommunane, fylkeskommune og stat tenker om framtidig utvikling i ein større samanheng.

3. **Kvifor omstilling er viktig**

Omstilling og strategiutforming må ta utgangspunkt i det vi er og det vi har. Retning og ambisjonar må ta utgangspunkt i ressursar og kompetanse som finst. Eksisterande næringer og klynger må givast rammevilkår for utvikling og vekst. Samtidig må vi ta innover oss at næringsutvikling mot det grønne skiftet skal vidareutvikle eksisterande næringer i ei berekraftig retning og samtidig auke verdiskapinga i regionen.

Kommunane konkurrerer om talent, arbeidstakarar og bedriftsetableringar. Viss vi skal ha ambisjonar om vekst i sysselsetting, verdiskaping og offentlege inntekter må regionen auke felles innsats for å bygge eit næringsliv med fleire bein å stå på. Kvar for seg har kommunane i Hallingdal for små fagmiljø til å vere attraktive for dei beste hovuda. Regionen må derfor i fellesskap utvikle og styrke utvalde klynger og fagmiljø – for å lykkast må vi ha eit effektivt samarbeide mellom kommunane, fylkeskommune, akademia og eksisterande næringsliv. I tillegg må vi ha draghjelp frå offentleg verkemiddelapparat og private investorar.

Eit regionalt overordna perspektiv på næringsutvikling, og konsensus om prioritering og deling av ressursar, er viktigare enn nokon gong og krev regional leiarskap på eit anna nivå enn i dag.

4. Korleis Gol kommune skal bidra

Kommunale roller:

Entreprenør

Vere pådrivar i næringsutvikling og utviklingsprosjekt, i samarbeid med næringsliv og region. Ta over ei aktiv rolle i å trekke til seg nye innbyggjarar, verksemder, kunnskap og kapital til kommunen og regionen.

Tenesteytar

Yte tenester av god og rett kvalitet overfor innbyggjarar og næringsliv. Legge til rette for at Gol blir ein attraktiv kommune for talent, gründerverksemd og verksemdetablering.

Forvaltar

Vareta lovpålagde samfunnsmessige oppgåver på ein rasjonell og berekraftig måte.

Gol skal vere pådrivar i regionale innovasjonsprosessar.

Viktige område:

- oppvekst, utdanning og kompetanse
- vertskap, attraktivitet og berekraft
- helsetenester
- digitalisering
- bidra til, og vere pådrivar for kunnskap og klyngeutvikling, blant anna gjennom innovative offentlege innkjøp

5. Visjon og mål

- **Visjon**
 - **Me sjåast på Gol**
 - **Det gode liv**
 - **Møteplassen aust-vest**
 - **Utgangspunkt for næring- og utvikling**
- **Mål**
 - **Vere det naturlege 1-valet for besøk, busetting, og næringsetablering i Hallingdal**
 - **Bidra til næringsutvikling og å skape attraktive arbeidsplassar i ein vinn-vinn relasjon med lokalt næringsliv.**
 - **Utnytte naturgitte og lokale fortrinn**

6. Satsingsområde

Gol sin plassering regionalt og nasjonalt

Det viktigaste fortrinnet for Gol er den sentrale plasseringa midt i Hallingdal og som knutepunkt mellom austlandet, vestlandet og innlandet. Ei viktig eigenart ved Gol er ein variert arbeidsmarknad, med eit stort privat engasjement, gründerar og flinke forretningsdrivande innanfor fleire næringer. Gol er utdanningscenter med folkeuniversitet, vaksenopplæring, karrieresenter, vidaregåande skule og folkehøgskole

Vi skal:

- aktivt utvikle arealplanar for eit attraktivt og berekraftig sentrum, og ha varierte bustad og næringsareal knytt til effektiv infrastruktur
- legge til rette for berekraftig og konsentrert utbygging av fritidsbustadar, samtidig som vi tek vare på miljø og kulturlandskap
- styrke Gol som kollektiv og samferdsels- / transportknutepunkt
- legge til rette for statlege og fylkeskommunale funksjonar

6. Satsingsområder

Næring og
arbeidsplasser

Gol er handelssentrum i Hallingdal og ligg på Norgestoppen i detaljhandel per innbyggjar. Andre viktige næringer er næringsmiddelindustri, reiseliv og besøksnæring (rekreasjonsnæring), bygg / anlegg og eit breitt spekter av lokale tenester. Vi skal ta vare på eksisterande næringsliv samtidig som vi skal bidra til vidareutvikling og nyskapning.

Vi skal:

- bli regionsentrum for høgare utdanning gjennom Campus Hallingdal
- gjere godt vertskap og miljøomsyn til eit konkurransefortrinn
- bidra til å utvikle utvalde klynger og nettverk for å utvikle og dele kompetanse
- styrke offentleg og privat samarbeid med vekt på vinn-vinn relasjonar
- legge til rette for innovative og framtidsretta næringer
- bidra til å utvikle næringer med lokalmatproduksjon, kultur og tradisjon

6. Satsingsområder



Det gode liv i
Gol

Gol er naturleg samlingsstad i Hallingdal. Sentrum har lange tradisjonar for godt vertskap, med eit stort utval av serveringsstadar, forretningar og servicetilbod. Ein velfungerande bustadmarknad er eit fortrinn kommunen har, i tillegg til rask saksbehandling av byggesaker. Når vi snakkar om godt vertskap tenker vi ikkje berre på besøkande, men òg på alle som bur her, dei som vurderer å flytte hit, næringsliv og organisasjonar. Gol skal vere ein attraktiv og god stad for livsutfolding og arbeide.

Vi skal:

- ha ein variert kultur og fritidstilbod, og legge til rette for deltaking og meistring i ulike livsfasar
- Involvere og samarbeide med frivillige organisasjonar for inkludering, førebygging og haldningsskapande arbeid
- styrke tverrfagleg samarbeid om tidleg innsats for å fremje god helse
- Gol skal vere eit leiande arrangementsstad som skaper verdiar for lokalsamfunnet

7. Strategiske prioriteringar

Attraktivitet og bærekraft

Den viktigaste ressursen i Gol er menneska som bur her. Eit velfungerande lokalsamfunn med godt omdømme er viktig for å få folk til å bli buande i kommunen, få fleire til å busette her og dessutan vidareutvikle Gol til ein attraktiv stad å etablere bedrifter og kunnskapsmiljø. Kommunen skal bidra med å skape gode rammevilkår for bærekraftig utvikling.

- Styrke Gol kommune sin vertskapsrolle for næringsutvikling og bu- og stadutvikling. Skape ein samarbeids- og endringskultur med forankring i FN sine 17 berekraftsmål.
- Styrke vertskapsrolla til Visit Gol for besøksnæring og som ressurs for reiselivsnæringa
- Vidareutvikle eit berekraftig sentrum i samarbeid med næringsliv og innbyggjarar.
- Legge til rette for infrastruktur som fremjar næringsutvikling og brukervennlighet for innbyggjarar og besøkande.
- Intensivere utvikling av helse og velferdsteknologi for å møte auka omsorgsbehov. Halde ved lag og utvikle kvalitet i helse og omsorgssektoren.
- Etablere plan for inkludering og tilrettelegging av senioraktivitet / arbeidskraft
- Styrke regionalt leiarskap

7. Strategiske prioriteringar



Kompetanse

Riktig kompetanse er grunnlagt for verdiskaping, vekst og velferd. Hallingdal har ei velfungerande yrkesutdanning som kjem næringslivet til gode, og behovet for yrkesfagleg kompetanse vil ikkje endre seg vesentleg med det første. Derfor er det viktig å motivere fleire til å ta ei yrkesutdanning som lokalt næringsliv spør etter. Samtidig må vi skode framover og innsjå at det er behov for fleire bein å stå på. Nye konkurransefortrinn og arbeidsplassar kan skapast i beslekta næringar – men vi må òg utvikle større breidde av næringar, fortrinnsvis basisnæringar med vekt på kunnskap, helse og velferdsteknologi.

Ein campus Hallingdal for høgare utdanning kan bli ein viktig del i eit økosystem for innovasjon og nyetablering av kunnskapsbedrifter. For Gol lokalt, og for Hallingdalsregionen, blir det viktig å definere korleis campus Hallingdal kan inngå i næringsutvikling i regionen.

- Halde ved lag og utvikle eksisterande utdanningstilbod på vidaregåande nivå
- Forbetre rådgiving og yrkesretteiing for ungdom
- Skaffe fleire lærebedrifter i privat sektor
- Legge til rette for formalisering av realkompetanse
- Utarbeide ein strategi for å utvikle Gol som ettertrakta studentstad.
- Definere framtidig rolle for campus Hallingdal i eit innovasjonsøkosystem og korleis utdanningsinstitusjonen kan gje impulsar/initiere til auka verdiskaping lokalt / regionalt

7. Strategiske prioriteringar



Innovasjonsevne

Næringsliv og offentlig sektor må utfordrast på å ta i bruk ny teknologi, utvikle nye eller komplettere produkt og tenester, gå inn i nye marknader, definere framtidig kompetansebehov og legge føringar for å møte framtidige utfordringar og moglegheiter. Gol kommune må bidra til at det blir etablert eit innovasjonsøkosystem tilpassa eigne mål, samtidig som det blir skapt synergi med regionale prosessar.

Tilgang til risikokapital er ein føresetnad for å utvikle eit breiare næringsliv i kommunen. Gol må stimulere til at finansnæring og privat kapital, saman med offentlege middel / verkemiddelapparat, kanalisert til å skape ny kompetansebasert verksemd, fortrinnsvis i basisnæringar.

- Arbeide for tilgang til offentlig og privat risikokapital for å støtte innovasjon, entreprenørskap og skaleringspotensiale i næringslivet (auka verdiskaping)
- Etablere møteplassar for å kople gründerar / vekstbedrifter, kapital, etablert næringsliv, kompetanse/ teknologi og offentlig sektor.
- Stimulere til FOU, innovasjon og kunnskapsdeling gjennom etablering av næringsklynger
- Nytte innovative offentlege innkjøp for å utvikle lokal kompetanse og vekst. Offentleg sektor, gjennom innovative anskaffingar, må ha opne data som kan delast i standardiserte løysingar.
- Kople innovasjon og digitalisering i offentlig sektor mhp tenesteinnovasjon og innovasjon i helse og velferdsteknologi.
- Satsing på produksjon av lokalmat gjennom innovasjon, ny teknologi og samarbeid med næringa.
- Gjennomføre moglegheitsstudie med utgangspunkt i naturgjevne og lokale fortrinn.